



Den norske arkitekturen

I denne serien reiser **Ronny Spaans** rundt i landet og ser korleis det står til med arkitekturen i norske byar og bygdebyar. Ronny Spaans er journalist i Dag og Tid.



Molde blir kalla «panoramabyen» med rette. Synsrande med dei mange fjella er godt synleg frå Rica Seilet. Rett ved ligg Kjell Inge Røkkes gåve til byen, Molde stadion.

Molde: Kystby som gløymde sjøsida

Molde er med den gjennomtenkte bykjernen sin Noregs vakraste atterreisingsby. Men i iveren etter å reise stadion og nytt høghotell gløymde byen å ruste opp sjøsida.

RONNY SPAANS
ronny@dagogtid.no

Molde är en ful stad! seier ein svensk dykkar til meg.

Vi sit på kafé Syd ved Molde hamn. Dykkaren arbeider for West Dykkerservice og er i Noreg for å bote merdar på lakseoppdrettsanlegg. Han råder meg heller til å fara til Ystad, heimbyen til den litterære figuren Kurt Wallander – ein av dei best bevarte mellomalderbyane i Sverige.

Men på grannebordet sit det to damer frå Romsdalen og ei frå Serbia som har budd i Noreg i mange år; dei jobbar i kriminalomsorga på Hustad leir. Dei har òg omsut for byen sin:

– Nei, sjå på dei majestetiske romsdalstindane, der er det 222 toppar. Ta deg ein tur opp til Varden, der er det fin utsikt. Molde er ein vakker by å bu i.

Det er det vanlege svaret frå

nordmenn. Vi dreg ikkje fram urbane miljø, men natur når spørsmålet om vakre byar kjem på tapetet.

Vi stimlar oss fort saman på eit bord for å diskutere Molde. Slik er det i ein mellomstor by på ein torsdag kveld: Det er lett å få kontakt med folk, sosiale møte er ei tilfelleleg samling av ulike folk.

Mellom oss sit ein moldensar. Svensken blir opplyst om Moldes fortid: Molde er ein av mange norske byar som vart bomba under krigen og som vart atterreiste i ei tid merkt av sparsemi og dårleg tilgang på materiale. Molde er forma i det enkle uttrykket til den norske etterkrigstida – men det tyder ikkje at Molde er stygg. Molde er mellom dei mest heilskaplege og harmoniske byane i Noreg.

Det er dette utgangspunktet eg har når eg skal utforske byen, men eg finn snart ut at svensken likevel har rett på eitt område.

For å vita kvifor må ein, som den svenske dykkaren, nærme seg Molde frå havet.

GAMLE MOLDE

Men fyrst litt bysoge: På vegene i hotella og i turistbrosjyrane finn du mykje informasjon om det gamle Molde – ein by som var kjend for dei vakre hagane sine, «rosenes by» vart han kalla. Molde var, som ein sørlandsby i dag, samansett av kvite trehus og hadde staselege bryggjer ut mot sjøen.

Men denne byen er stort sett historie – jamvel om du enno finn vakre villaer nord for sentrum, som Smitt-huset. Molde har eigenleg vore gjennom to atterreisingar – fyrste gong etter brannen i 1916.

Men det var den andre atterreisinga som skapte det nye Molde. I slutten av april 1940 sende tyske fly spreng- og brannbomber over byen. Men alt i krigen kom ein

plan for ein nyreist by – teikna av den vidgjetne byplanleggjaren Sverre Pedersen.

Molde føydde seg inn i «Brente Steders regulering». Tre vart bytt ut med mur, og gatemylder bytt ut med regulerte og einskaplege gater.

FAMILIEFORRETNINGANE

Denne bystrukturen er Tone Tallaksen nøgd med, for det skaper ein by med meir urbane rom. Ho er leiari for Molde sentrum, eit lag samansett av bedrifter, gard- og butikkeigarar som arbeider med å fremja ein levande bykjerne. Ho er tydeleg på at Molde ikkje skal ha ei småbystruktur:

– Gje oss fleire dressklede forrettingsfolk i gatene som et lunsj ute sentrumskaféane, seier ho.

Tallaksen fører meg gjennom byen, frå Molde stadion i vest til Moldeelva i aust. I storgata er det overraskande bra liv ein fredag ettermiddag. Tallaksen fortel at

det kan takkast den sameina politikken handelsstanden har ført:

– Kjøpesenter og sentrumsbutikkane samarbeider nært, så vi har ikkje den uheldige konkurransen mellom bykjerne og utkant som andre byar. Kjøpesentra Amfi Roseby og Molde Storsenter ligg dessutan i gangavstand til byen.

På turen peikar ho på gamle familiefretningar, som enno held til i sentrum. namn som O.E Strande, G. Sveen Broderifretning og gullsmed Svein Strande – eit fenomen som ikkje er sjølv-sagt i norske byar lenger.

DET SMÅLÅTNE Plassen

Tallaksen tek meg opp til Gørvellplassen, der ligg Moldes kulturhus, teikna av det danske arkitektfirmaet 3XN og reist i 2012.

– Jazz- og Bjørnsonfestivalen og andre kulturelle arrangement i byen

er grunnlaget for kulturhuset. Huset er i tillegg mykje bruka av innbyggjarane, seier ho.

Tallaksen viser til eit viktig moment: Bygginga av Molde kulturhus er ikkje trendbasert, men byggjer på lokale kulturtradisjonar. Prislappen var heller ikkje så altfor stor, kring 200 millionar.

Men det som imponerer mest med kulturhuset, er evna til å ikkje vilja imponere. Ein ting er at *Plassen* ikkje er det mest attraktive namnet, som Sylfest Lomheim har poengtert. Bygningen står ikkje og brikjer midt i sentrum. Du kan faktisk gå opp og ned hovudgata utan å finne han.

Det er ein kvalitet, for det botnar i ein tankegang der *by*, ikkje *bygning*, er det styrande prinsipp.

Det enkle, særegne uttrykket er stort sett urørt. Det er ikkje sjølvsgat for ein norsk by i dag.

pet. Det gjeld òg for andre bygningar i Molde: Det stuygvakre rådhuset frå 1966 føyer seg fint inn i Storgata.

Jamvel kyrkja, med eit spir som ruvar over sentrum, ligg smålate til, for det er vanskeleg å finne fram til kyrkjedøra – men det er heller eit minus enn eit pluss.

KVAR ER KVINNENE?

Vi avsluttar vandringa hjå ei veninne til Tallaksen, skomakar Maggen, alias Margareth Beite Wichen. Inne på den vesle sko-

makarverkstaden hennar er det fullt, her er om lag førti kundar innom i timen. Det viser at slike småskala bedrifter er liv laga.

Tone Tallaksen sluttar no i januar i jobben i Molde sentrum og skal arbeide i lag med Maggen – dei opnar i nytt lokale i Storgata, den eine som skomakar, den andre som seljar av fjellskor.

Molde vil ha fleire som Maggen og Tone. I dag er det 26.000 innbyggjarar i byen. Molde kommune ynskjer å nå tretti tusen innbyggjarar berre på nokre få år.

Eit tiltak er «Byen som regional motor» – målet er å utvikle attraktive urbane sentra i byen – som særleg tiltalar høgt utdanna unge kvinner.

Då vil eg våge meg på ei innvending – utan heilt å stikke handa inn i kvefsebolet: Molde vann kampen om sjukehuset, men institusjonen blir liggjande 20 kilometer utanfor sentrum. Ei meir sentrumsnær tomt som tidlegare vart peika ut, var Eikrem. Høgt utdanna menneske vil helst bu i urbane strok med stutt veg til jobb. Som Erling Dokk Holm ved Markedshøyskolen i Oslo har streka under: Høgt utdanna helsepersonell frå utlandet har ofte ikkje førarkort.

Det same kan seiast om Høgskolen i Molde på Kvam, 3 kilometer vest for Molde sentrum. Høgskulebygningen er frå 1994. Før det låg høgskulen i sentrum.

Som tidlegare fortalt i denne serien er bygningen til Høgskolen i Kongsberg, frå same periode, tømde, og skulen er flytt tre kilometer til Kongsberg sentrum.

«RØKKELOKKA»

– Kjell Inge Røkke ruinerer finnmarskysten, seier eg ertande til ein moldensar.

– Ja, men vi er glad i han, vi, han bygde fotballstadionet til oss, svarar han.



Tone Tallaksen viser meg Storgata. Her ligg store forretningsgardar langs breie gater. Bilkøyring er tillate – det gjev ein levande by.

I vestdelen av byen stig Røkkes Molde fram, teikna av Kosbergs Arkitektkontor. Etterkrigs-Molde kolliderer i stil med det nyrike Røkke-Noreg: stadionet – Røkkelokka – frå 1998 og Rica Seilet og Bjørnsonhuset frå 2002. Det 55 meter høge «seglet» av glas står der som ein triumf over etterkrigsbyen i neddempa naturfargar i aust.

Ved sida av ligg Molde fjordstuer, teikna av same arkitekt. Motsett dei stilreine bygningane i Storgata har dei maritime ornament. Er dei stadtypiske, undrast eg.

– Stadtypisk? Ja, stadtypiske

som fiskebeinbygningar, kjem det spottefullt frå ein annan moldensar.

Men det nye kvartalet ligg vest for bykjernen og tek såleis ikkje luven frå Sverre Pedersens Molde. Her skil Molde seg ut frå andre atterreisingsbyar. Jamfør Molde med Bodø, der høghus og stilbrot er slagordet.

Molde har eit sjeldsynt vakkert og einskapleg bysentrum. Det enkle, særegne uttrykket er stort sett urørt. Det er ikkje sjølvsgat for ein norsk by i dag.

MOLDES SJØSIDE

På kaia står båten til West dyk-

kerservice. På kaisida er det ikkje berre trengt om plassen, men òg sett av rom til parkeringsplassar. Var det noko Pedersen ikkje tok godt nok omsyn til, er det hamneområdet. I Førkrigs-Molde stakk drustelege bryggjer ut mot Moldefjorden; Pedersens Molde har gradvis vendt seg bort frå sjøsida.

Hamnefronten er ikkje innbydande – ikkje rart den svenske dykkaren fekk feil fyrsteintrykk av byen. Og er det noko norske byar har dyrka dei seinaste åra, er det hamneområde – med badeanlegg og strand- og sjøpromenadar.

Men Molde har òg tenkt i



Margareth Beite Wichen alias Maggen tilbyr sko- og skinnreparasjon. Molde vil ha fleire slike kvinner.



Tradisjon og modernisme hand i hand: poteball på det nye kulturhuset.



Rådhuset og kyrkja er bygde i vidt ulike stilar.



Eidsvoll Nasjonal voggetruga av monumentalismen i Gardermoen.	Brønnøysund Svært kjøpesenter plassert i sentrum prega av låghus.	Sogndal For mange betongkasser med flate tak.	Tromsø Brokut arkitektur, men byen har sjarm.	Stavanger Spensig arkitektur utan vektlegging på signalbygg.	Kristiansand Mellom småhus og stormannsgalenskap.	Ål i Hallingdal Det skal meir enn bonderaud fasade til å gjera ei bygd bonderomantisk.	Ålesund Gje oss detaljane og arabeskane attende, livsgleda i jugendstilen!	Kragerø Perfekt på grensa til keisam.	Bergen Bergen sentrum får så mangt eit hjarta til å smelte.	Rakkestad Har lagt ned kjøpesenteret og flytt handelen inn til sentrum.	Voss Homogent og vakkert byrom, men utkanten av sentrum øydelegg heilskapen.	Arendal Har potensial til å bli ein av landets vakreste. Difor vert ein vonbrotten. Jamvel gamlebyen er skjend ut.	Røros Det mest imponerende er at alle kommunale institusjonar enno ligg i gamle trehus.	Risor Ein av Noregs best bevarte trehusbyar, men truga av eit stort byggeprosjekt.	Alta Byen er spreidd i fleire sentrum med høge hus. Løysinga er forfetting og fleire bustader i sentrum.	Oslo Fjordbyen skulle bli ein bydel for Oslo-folket, men utfallet er kynisk eigedomsspekulasjon.
---	---	---	---	--	---	--	--	---	---	---	--	--	---	--	--	--



Den nye hamnefronten i Molde

Molde står framføre ein byggjeboom, melder lokalavisa Romsdals Budstikke.

«2016 kan bli 'all time high' når det gjelder byggeaktivitet i Molde», er meldinga frå Kleive Betong bygg AS til avisa. Eitt av dei største prosjekta er Eikrem panorama, eit byggjefelt utanfor sentrum.

I Molde rådhus møter eg landskapsarkitekt Arne Strømme og arealplansjef Jostein Bø. Dei fortel meg at i det framtidige Molde by vil den såkalla Moldeskalaen, ideala etter Sverre Pedersen, bli halde oppe. I tillegg vil mange av bygningane i sentrum som i seinare tid har fått ein etasje til og vorte utstyrde med flatt tak, bli førde attende til den opphavlege forma si: Dei vil få mønetak – men utan at den nye høgda går tapt.

Det store spørsmålet gjeld sjølvstekt hamnefronten. Planane har gjennom åra vore inne og ute av kommunebudsjettet, men no er dei i gang att, og vonleg vil fyrste steg av utbyggjinga ta til snart, fortel dei.

Ei gruppe arkitekter vil arbeide med detaljane, men Arne Strømme har laga ei skisse som røper hovudpunkt i den nye hamnefronten:

■ Torget og sjøfronten blir tilnærma bilfrie, til glede for mjuke trafikantar.

■ Sjøsidea blir utvida med ni meter, dei ytste fem metrane

blir ei nedsenka trebryggje – eit troppestege kai etter Aker brygge-modellen. Breidda blir på kring 22 meter.

■ Mellom stein og tre er det tenkt store granittblokkar som ein kan sitja mot, gå eller klive på – dersom været tillèt det.

■ På torget kan det reisast ein plan plass på kring 300 kvadratmeter. Der er det tenkt ute-servering om sumaren, og det kan opnast for skeisebane om vinteren. Med sitjekant kring

– Torget og sjøfronten blir tilnærma bilfrie, til glede for mjuke trafikantar.

Arne Strømme, landskapsarkitekt

trapper ned til plassen kan han òg nyttast som scene. I enden av sjøen blir det ein vasspegel.

■ Leikeplassar for born kan etablerast på Torget. Til dømes steinskulpturar.

■ Den noverande piren blir bytt ut med to nye, som skal bli opne møtestader.

■ Heilt nede ved sjøkanten blir det uteservering. Det same er planlagt ved fasadane langsmed Hamnegata.



Alle kystbyar bør ha fiskebutikk. Molde har Horsgaard og co.

Arkitektur

Bortsett frå bygningar som jugendstilbygget i Storgata 56 er det ikkje einiskildbygningar som imponerer i Molde, men den strukturerte og einskaplege bykjernen – som på ein fin måte buktar seg med topografien i byen. Det gjer Molde til den vakraste atterreisingsbyen i Noreg, om enn det i utkantane, mot Molde stadion, finst stilartar som bryt med Sverre Pedersen byplan.

Terningkast 4



Mattradisjon

Molde er kry over potetballen sin. På torsdagar får du det på dei fleste restaurantar i byen for ein rimeleg penge, som Gimle kafé, som har rabattkort: Kvar sjuande middag er gratis. Liketil det nye, modernistiske kulturhuset reklamerer for tradisjonell ball ved inngangsdøra. På fiskebutikken Horsgaard og co. får du fisk frå lokale produsentar. På torget står det ein einsam seljar året rundt: Drågen Smoke House.

Terningkast 5

Sykkelstigar

«Molde blant landets verste sykkelbyer» er ei overskrift i Romsdals Budstikke frå i fjor. Overskrifta er basert på 2014-undersøkinga til Syklistenes landsforbund. Molde nærmar seg botnen på lista; byen fall til nr. 25 av 30. Molde sentrum har ingen separate sykkelstigar, men med dei breie gatene og fortaua sine skulle det vera råd å laga rom for syklistar.

Terningkast 1

Møteplassar

Molde er ein landskjend kulturby. Jazzfestivalen og Bjørnsonfestivalen har plassert byen på kartet. Biblioteket i Molde kunne i fjor smykke seg med tittelen «Årets bibliotek 2014». Med eit høgskulesenter attpåtil har kommunen eit framifrå utgangspunkt, men dessverre er skulebygningen plassert eit stykke utanfor bykjernen. Eit anna område er sjøsidea og parkane: Vonleg vil desse områda bli oppgraderte.

Terningkast 5

Kollektivtrafikk

Kollektivtilboda har vore rotete med mange selskap, utan høve til å betala med kort og skort på kveldstilbod. Men frå 5. januar blir busstilbodet i Molde og Gjemnes fornøya med nytt namn, nye bussar og nye tenester. Møre og Romsdal fylkeskommune samlar no all kollektivtrafikk i fylket under namnet Fram. Mange av rutene har no tilbod fram til kl. 23.30 om kvelden.

Terningkast 4

Råd til framtida

Det er storstilla byggjeprojekt kring Molde by: Eikrem Panorama og Molde videregående skole. Etterkrigsbyen i sentrum treng eit lyft: ikkje berre sjøsidea, men òg området kring busstasjonen og dei små sentrumsparkane. Og sist: Lær av Voss, gje fasadane i byen eit målingsstrok – i dei ulike jordfargane. Altfor mange bygningar i Noreg er kvite. «Rosenes by» var namnet på det gamle Molde, men det kan òg brukast om dagens Molde. Etterkrigs-Molde har store kvalitetar – dei må berre koma betre fram.

slike banar. Alt i 2006 kom eit omfangsrikt utkast til ein reguleringsplan for sentrum med vekt på hamnefronten.

Kvifor har det skjedd lite på hamneområdet sidan? Molde er som mange andre norske kommunar i økonomisk ruin og var i fjor nær på å hamne på Robek-lista. Kvifor har ikkje ein investor som Røkke sponsa restaurering av byen og hamna? Vel, det er meir stas å stå for oppsiktssvekkjande signalhus, det skaper framsideoppdrag – det gjer ikkje oppussingsprosjekt.



ter, men dei fører seg fint inn i Moldes bystruktur.



Molde hamneside heng att i fortida. Her er det parkeringsplassar, ikkje sjøpromenade.



Fredrikstad
Ein schizofren plankeby.



Hammerfest
Hammerfest byr på det klas-siske nordnorske arkitektoniske kaoset.



Trondheim
Byr på perler som Stiftsgården og Erkebispegården. Minus for kontor-infernoet på Brattøra.



Lillehammer
OL kom med byliv og infra-struktur. I festru-sen gløynde dei området kring Mesna-elva.



Kongsberg
På Vestsida står arkitektoniske skattar på rad. På andre sida av Lågen er inntryk-keit meir variert.



Bodø
Grunnlaget til atterreisings-arkitekten er ikkje fylgt opp. Forfall og gråe murar merker byen.



Sandnes
Sandnes er ein uferdig by. Mange nybygg er for monu-mentale og van-tar inkluderande uteområde.



Sandvika
Her er Olav Thon byplanleggjar.



Lom
Ved å byggje i tradisjonell stil skaper lomvæ-rene ei bygd for framtida.



Tønsberg
Tønsberg kallar seg mellomal-derby, men det finst ikkje eit einaste mellom-alderbygg der.



Hamar
Attåt positive byggjeprojekt som er i gang, bør Hamar satse på fleire vinterakti-vitetar.



Ørsta-Volda
I Ørsta har Amfi kjøpesenter beste tomte. Kulturbygda Volda er saman-sett av koselege trehusgater.



Levanger
kan bli Nord-Trøndelags Røros, men det må større inn-sats til.



Gran
Det er hyggje-leg at ein tenkjer nytt kring mate-rialval, men kva hjelper det når proporsjonane er galne.



Bø
Vegkryss som høgskulestad.



Kongsvinger
Ein bortgøymd skatt av ein fest-ningsby.